

AREAL: 1 128 km²
FOLKETAL: 13 063

KVINNHERAD

KVINNHERAD er ein omfangsrik kommune.

Det er stor skilnad på det gamle og det nye Kvinnherad. I 1965 vart kommunen utvida med Varaldsøy herad, Skånevik nord for Åkra-fjorden og heile Fjelberg kommune.

I Fjelberg prestegjeld og kommune var Eid sokn eigen kommune 1838-1860.



Bakgrunnen var at Eid ikkje høyrde til Skånevik skipreide, og at ein etter formannskapslova difor kunne søkja om få utgjera eit eige formannskapsdistrikt. Varaldsøy herad vart skilt ut frå Strandebarm i 1902, og i 1965 vart denne kommunen delt mellom Kvinnherad og Kvam.

Noverande Kvinnherad var på 1600-talet delt mellom Skånevik, Fjelberg, Kvinnherad og Strandebarm skipreider. I tillegg var det ting for Rosendal baroni med eigne lensmenn i kvar sine skipreider.

Denne ordninga tok slutt då det rettslege ansvaret for Rosendals gods vart overført til sorenskrivaren i Sunnhordland frå 1853. I mellomalderen hadde Kvinnherad skipreide mest

same utstrekning som no (Ⓚ432, Ⓚ433), men i dag kjem Fjelberg og delar av Skånevik i tillegg; kommunar som tidlegare var eigne skipreide. Ein ny nasjonalpark, Folgefonna, deler Kvinnherad med Ullensvang og Jondal, og fjellheimen i denne fjordkommunen går med rette under namnet Kvinnheradsalpane: Melderskin, Malmangernuten, Ulvanosa – berre namna er ei oppleving. □

Skipsbygging i Skålafljøro 1903. Ein av dei legendariske fartøybyggjarane var Tørris Skåluren (Ⓚ410) og det vart bygt mange skarptseglande jakter i Skålafljøro.



**PÅ SØLV GRUNN
EIN BLÅ
GAFFELKROSS
I BØLGJESNITT**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 18.6.1982, teikna av Truls Nygaard etter eit utkast av Magnus Hardeland. Motivet skal symbolisera dei to elvane i hovudbygda, Melselva og Hattebergselva som renn saman like før dei går ut i fjorden.

Ⓚ KVINNHERAD

Kommunenamnet Kvinnherad er eit namn med gamle røter. Namnet på skipreida i mellomalderen vekslar mellom Skåla og Kvinnherad. Skåla (Ⓚ197) var namnet på garden der langskipet stod og på hovudbygda. Kvinnherad blir sett i samanheng med Kvinn, «noko todelte», (kanskje om to elvar).

Handaland inneheld eit elles ukjent ord i slekt med hanga, altså «landet som ligg høgt eller bratt». Førsteleddet i Herøysund er (skips)hær; her samlast leidangskipa i den lune hamma i sundet. Førsteleddet i Uskedalen kan vera eit gammalt elvenamn som tyder «ønskje (om godt fiske)». Dimmelsvik inneheld ei avleiing av gno. dimmr «mørke», medan vi i Dønhaug finn eit ord dyn «bulder, brak.» Guddal, skrive Gautdal ca. 1360, er samansett med elvenamnet Gaut, i slekt med gno. gjóta «(ut)gyta, strøyma». Løfallstrand må ha fått namn etter ei nedfallen løe, medan Aenes helst viser til gno. ædr «ærflugl». Bondhus kjem av bondi «bonde», og Varald i Varaldsøy kan vera ei samansetjing av gno. varr «vis, gaumsam» og eit gammalt ald «høg». Juvsland (Gjuvsland) fortel om eit juv ved garden. Ølve kan vera ei avleiing av ulv, medan førsteleddet i Terøyna inneheld namnet på ein mindre farleg art i faunaen, nemleg tiur.